

---

Vår referanse 2020/1256-2  
Dato 14.01.2020

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Reguleringsplan for Meland kyrkjegard, Alver kommune - Tilbakemelding på framlegg til løysing.

Vi viser til e-post av 08.01. 2020 frå Alver kommune ved Lennart Falkenberg-Arell, der det vert skildra ein mogeleg løysing på motsegnssaka som gjeld reguleringsplanen for Meland kyrkjegard (vår tidlegare referanse 2018/9625).

I framlegget vert det som eit avbøtande tiltak føreslege at ei omlegging av Bjørnestadvegen får grasarmering i staden for asfaltdekke. I tillegg ber kommunen om tilbakemelding på val av avkøyrsløse for drift ved den vestre del av gravplassen; enten å nytte dagens avkøyrsløse mot FV 244, eller å etablere ein ny avkøyrsløse på den andre kyrkjegardsmuren, mot den nye Bjørnestadvegen.

Vi viser til tidlegare fråsegn i saka om at vi ikkje finn det naudsynt med eigen tilkomst for drift av kyrkjegarden i denne delen (sørvest), dersom ein fjernar eller flyttar den garasjen som ligg i nordaust-enden. Dette er òg noko som har vore drøfta i dialogmøte med kommunen. Vi meiner framleis at det med omsyn til heilskapen til kyrkjegardsanlegget vil vere den beste løysinga å ikkje ha eigen tilkomst gjennom kyrkjegardsmuren i den vestre delen, korkje med noverande eller ny plassering.

Når det gjeld løysingar for grasarmering, finn vi at det vere ei akseptabel løysing, men det føreset at den nye Bjørnestadvegen berre vert ein avlastingsveg og ikkje ein hovudveg til eigedomane innafør kyrkjegarden. Det vil i praksis seie at den eksisterande Bjørnestadvegen ikkje kan stengast anna enn i samband med gravferder, konfirmasjonar, 17. mai og liknande. Det må difor innarbeidast i føresegna korleis bruken styrast.

I møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 11. september 2019 vart det fatta følgjande vedtak:

- «1 Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner forslaget til reguleringsplan for Meland kyrkjegard er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser og fremjar motsegn til omlegging av Bjørnestadvegen. For at motsegn kan trekkast må omlegginga av Bjørnestadvegen takast ut av planen.
- 2 Hordaland fylkeskommune har ein vesentleg merknad når det gjeld avgrensinga av planområdet. For å få ein betre kulturminnefagleg vurdering av sumverknad, ber Utval for kultur, idrett og regional utvikling om at kommunen utvider planområdet, alternativt opphevar gjeldande reguleringsplan frå 1992, då denne ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til kulturmiljø av høg regional og nasjonal interesse og verdi.»

Når det gjeld sumverknad som det vert vist til i vedtaks punkt 2 ovanfor, ber vi om at kommunen arbeider vidare med reguleringsplanen, og viser her til vårt fråsegn i saka:

*«Vi har forståing for at kommunen ønskjer å betre tilhøva både for køyrande og gåande. Her er det gjort fleire gode grep for å betre situasjonen med avkjørsle opp til den øvre gravplassen. Etter vårt syn ligg tilhøva likevel godt til rette for at ein med nokre enkle grep kan betre situasjonen ytterlegare, slik at ein reduserer konflikten mellom køyrande og gåande. Dette gjeld òg i samband med store arrangement som til dømes 17. mai-feiring. Då vil ein òg kunne behalde dagens køyretasé for Bjørnestadvegen.»*

Vidare har vi i fråsegnen uttalt følgjande:

*«Denne omlegginga av Bjørnestadvegen vil føre til at kyrkjestaden vert inneklemt av veganlegg på alle sider og vil ha skjemmaende effekt og negativ verknad både på kyrkjegarden som kulturminne og på det samla kulturmiljøet som kyrkja og gravplassen er ein del av. Fylkesrådmannen finn at ei omlegging av Bjørnestadvegen i særskild grad vil redusere opplevingsverdiene til kulturminnet og kulturmiljøet.»*

For ikkje å redusere opplevingsverdien til det samla kulturmiljøet, er det viktig at opparbeidinga av ein avlastingsveg for Bjørnestadveg får eit mest mogeleg grønt landskapspreg.

Med helsing

David J Aasen Sandved  
Seksjonssjef

Inger Lena Gåsemyr  
fagleiar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Sakshandsamarar: Gunnbjørg Austrheim, Helene Moe

Mottakarliste  
ALVER  
KOMMUNE

Postboks 4 5906 FREKHAU  
G